

Fra: Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>
Sendt: 15. september 2016 11:28
Til: Trond Hjelmeland
Kopi: Arne Helgesen; Bente Skårnes Førland
Emne: SV: Vatn og avlaup for gbnr 121/10.

Til Trond Hjelmeland.

Vi beklagar sein tilbakemelding på førespuranden din.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget på eigedomen, men ut frå opplysningane som er gitt er det ikkje etablert WC eller anna toalettløysing som gir utslepp frå eigedomen.

Dersom eigedomen har eit godkjend gråvassutslepp og du ikkje skal montera WC eller anna toalett som medfører auka eller endra utslepp, kan søknaden om tilknytning til offentleg vassverk handsamast slik han ligg føre. For at kommune skal kunne vurdera om eit eksisterande avlaupsanlegg er tilstrekkeleg for handsaming av tilknytningssøknaden, må det gjerast greie for kva anlegg eigedomen har i dag, dvs kva type anlegg og kor tid dette vart etablert. Melding vert å senda til Teknisk drift via postmottak@lindas.kommune.no.

Dersom eigedomen ikkje har godkjend utsleppsløyve må du søkja om utsleppsløyve før tilknytningssøknaden kan handsamast. Det vil gjelda både for utslepp av gråvatn og svartvatn (WC). Det vil ikkje vera naudsynt å senda inn ny søknad om tilknytning. Søknad om utsleppsløyve skal skje på eige skjema slik skissert tidlegare.

Du kan installera eit [avlaupsfritt](#) toalett utan ytterlegare søknad dersom eigedomen har eit godkjend gråvassutslepp, men vi gjer merksam på at det ikkje vert godkjend toalettløysing der utsleppet vert ført til tett tank/behaldar.

Søknaden om tilknytning vert handsama av Teknisk drift. Vi ber om at ytterlegare spørsmål til tilknytningssøknaden vert retta til dei via postmottak@lindas.kommune.no. Ver venleg å referer til sak 16/2428.

Med helsing

Anne Lise Molvik



Ved ytterlegare spørsmål ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Trond Hjelmeland [<mailto:trond.hjelmeland@bydrift.no>]

Sendt: 2. september 2016 12:56

Til: Anne Lise Molvik

Emne: SV: Vatn og avlaup for gbnr 121/10.

Hei

Tusen takk for informasjon.

Har vurdert alternativene du har nevnt, men vet at det vil være ganske omfattende arbeider med sprengning m.m. som gjør at kostnadene blir uforholdsmessig høye med tanke på at hytten kun blir brukt sommerstid, og når været er pent.

Den enkleste for oss vil være nevnte løsning med gråvanns utslipp i sandfilter grøft, med slamavskiller/Septiktank. I papirene fra Rørlegger mener jeg du refererte til 2 m3 , men det skulle være 4 m3. (tror rørleggeren er dysletiker)

Pr i dag har vi ikke toalett i hytten, men planen er å utstyre hytten med toalett siden det så langt har vært potta porti toalett. Har fått anbefalt en type forbrennings toalett. Må dette godkjennes eller er det noe kommunen skal godkjenne?

Hvis har oppfattet det riktig kan vi levere en ny søknad i forhold til tilknytning til vann, og med skisserte gråvanns løsning? Og på ett senere tidspunkt søke om en godkjent avløps løsning til toalett?

Har Lindås Kommune noen skjema / maler for dette?

Litt mange spørsmål, men vi er opptatt av å gjøre det riktig.

Mvh

Trond Hjelmeland

Prosjektsjef
Mobil: +47 952 93 828

>> Bydrift

Postboks 144
5828 Bergen
www.bydrift.no



Tenk på miljøet - trenger du å skrive

Fra: Anne Lise Molvik [<mailto:anne.lise.molvik@lindas.kommune.no>]

Sendt: 2. september 2016 08:41

Til: thjelmel@gmail.com; Trond Hjelmeland <trond.hjelmeland@bydrift.no>

Emne: Vatn og avlaup for gbnr 121/10.


Til Trond Hjelmeland

Eg viser til samtale vedkomande vatn og avlaup til eigedomen gbnr 121/10.

Tilkopling til offentlig vassverk krev at eigedomen har godkjend avlaupsløysing. I søknaden om tilkopling til vassverket er det oppgitt at det skal monterast ny septiktank med spreieing gjennom sandfiltergrøft. Denne avlaupsløysinga vert i dag berre godkjend ved gråvassutslepp. Dersom du skal installera WC vil det kunne godkjennast bruk av septiktank dersom avlaupet vert ført til god sjøresipient. Alternativt må det nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg der avlaupet vert ført til sjø, bekk med heilårs vassføring eller jordbruksgrøft.

Etablering av avlaupsanlegg frå eigedomen krev at det vert søkt om og gitt utleppsløyve etter forureiningsforskrifta kap. 12. Søknadsskjema og rettleiing finn du på www.miljokommune.no.

Som vist på kartutsnittet er det etablert eit felles privat avlaupsanlegg i området som går til sjø og som det kan vera mogleg å kopla seg til . Du må då ta kontakt med dei som eig anlegget. Ved ein søknad om utsleppsløyve via dette anlegget må det gjerast greie for kor mange anlegget er godkjend for, kven som er knytt til anlegget og kva tilstand anlegget er i. Naudsynte erklæringar med løyve til å nytta anlegget og leggja avlaupsleidning over privat grunn må også liggja føre.



Mvh

Anne Lise Molvik
Rådgjevar
Lindås kommune

